

Påkehelsing frå Hjartdal kommune

Vi er no inne i den stille veka og påska står for døra. Dei fleste har muligheit til ein velfortent påskeferie og nytte fridagane til å koble ut frå ein elles hektisk og krevjande kvardag.

Eg synast påska er viktig som tradisjonsberar. Det religiøse innhaldet i påska er framleis viktig for mange. Påska bringar eit budskap. Alle kan vi finne element av å lære og være menneske, medmenneske, å ha forståelse og respekt. Påska fortel om å ha tru og håp på livet, leve livet, samhald, venner og at noko endrar seg og noko gjenoppstår.

Den stille veka gir derfor åndelig påfyll på fleire nivå. Ein roligere livspuls bidrar til omtanke og refleksjon.

Uansett kor du feirar påska ynskjer vi frå Hjartdal kommune deg ei riktig fin påskefeiring. Eg vil nytte høve til å sende ein spesiell helsing til dei som må jobbe, og held hjula i gang denne påska.

God Påske!

Hjartdal kommune
v/ordfører Sven Tore Løkslid

